ALVER
KOMMUNE

Vestland Fylkeskommune Infrastruktur Og Veg
Askedalen 4
6863 Leikanger

| Referansar: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Hogne Askeland | 26.08.2022 |
| Vår: 22/2558 - 22/64489 | hogne.askeland@alver.kommune.no | |

# Oversending for vurdering etter veglova - avkøyrsle til jordtipp - gbnr.103/2 Fjellanger

I samband med vår handsaming av miljøsak knytt mottak av knust betong har vi gjennomgått historiske saker og vedtak knytt til løyve til jordtipp/bakkeplanering på gbnr. 103/2 Fjellanger.

I samband med denne gjennomgangen kan vi ikkje så at det er gjeve løyve til utvida bruk av avkøyrsle for mottak til jordtippen.

Lindås kommune har mellom anna sett følgjande vilkår i sak 14/7055 datert 22.12.2015:

- At søkjar har fått løyve til utvida bruk av avkøyrsle frå Statens Vegvesen for jordtippaktiviteten.

Statens vegvesen har gjeve uttale i saka datert 15.06.2015, sjå vedlagte brev.
Uttalen er knytt til at området skulle regulerast. Lindås kommune har ikkje sett krav til regulering i denne saka.

På denne eigedomen er det også gjeve løyve til mottak av inntil 6000 tonn knust betong, sjå vedlagt løyve datert 11.03.2021.

Me varslar med dette om tilhøva knytt til manglande løyve til auka bruk av avkøyrsle og ber om at dette vert følgd opp av Vestland fylkeskommune.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

| | |
| --- | --- |
| Eirik Berntsen | Hogne Askeland |
| Avdelingsleiar | Konsulent |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Løyve til å ta imot betongavfall utan miljøskadeleg stoff på gbnr 103/2 Fjellanger
103_2_bakkeplanering
103_2_uttale_søknad om avkjørsel jordtipp

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Nils Markus Bakke | FJELLANGERSVINGANE 147 | 5955 | LINDÅS |
| Vestland Fylkeskommune Infrastruktur Og Veg Knarvik | Galteråsen 7C | 5916 | ISDALSTØ |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Vestland Fylkeskommune Infrastruktur Og Veg | Askedalen 4 | 6863 | Leikanger |